

Lindås kommune

Ber om at brevet vert distribuert til:
Ordførar
Rådmann

Dykkar ref:

Vår ref: 16-00631-6

Dato: 04.07.2016

Busetting av flyktningar 2017 – redusering av vedtak

Norske kommunar har dei siste åra gjort ein formidabel innsats med busetting og kvalifisering av flyktningar, og oppgåvene er store også i 2017. Likevel er det færre einslege mindreårige asylsøkarar som kjem til landet, og færre av dei som har kome vert innvilga opphaldsløyve som gjer grunnlag for busetting. Dette er hovudårsaka til at behovet for busetting av einslege mindreårige i kommunane no er redusert.

Basert på oppdaterte prognosar for busettingsbehov frå UDI, er måtalet for busetting av flyktningar i 2017 justert til 12 000. Berre 700 av desse er einslege mindreårige flyktningar under 18 år. Om lag 40% av dei einslege mindreårige er under 15 år.

Fylkesmannen i Hordaland oppmoda Lindås kommune om å busette 35 flyktningar i 2017. Av desse ba dei om at 7 plassar vert disponerte av Bufetat til einslege mindreårige under 15 år.

Lindås kommune har tidlegare vedteke å busette 53 flyktningar i 2017, pluss 10 einslege mindreårige. Det nedjusterte busettingsbehovet gjer at vi no ber kommunen om å redusere sitt vedtak om busetting av einslege mindreårige flyktningar.

IMDi ber om at Lindås kommune i 2017 buset 7 einslege mindreårige under 15 år gjennom Bufetat. Vi ber om fleksibilitet i fordelinga av plassar til einslege mindreårige over/under 15 år dersom alderssamansetninga i denne gruppa endrar seg.

Denne førespurnaden er utarbeida i samråd med KS.

Ta gjerne kontakt med IMDi dersom de ynskjer ytterlegare informasjon. Informasjon om busetting og nedgangen i busettingsbehov finst også på IMDi sine heimesider www.imdi.no

Vi ber om at tilbakemelding vert sendt til post@imdi.no, med kopi til nina.gran@ks.no innan 1.4.2017.

Med helsing
for Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

Ohene Aboagye
Regiondirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur.